



Ikornnes Båtforening

Informasjonsfoldar:

1. IKORNNES BÅTFORENING	2
1.1. ORGANISASJONSPLAN STYRET:	2
1.2. LOVER FOR IKORNNES BÅTFORENING	2
1.3. REGLAR FOR HAMNA/BÅTPLASS	4
1.4. REGLER FOR HAMNEOMRÅDE	5
2. IKORNNES GJESTEHAMN	5
2.1. BÅTPLASS OG UMLEIGE	5
3. IKORNNES BÅTHUS	5
3.1. INSTRUKS	5
3.2. REGLAR FOR BRUK AV HUSET	6
4. IKORNNES FRILUFTSBAD	6
4.1. ALARMPLAN	6
4.2. REDNINGSARBEIDET	6
4.3. FØRESEGNER FOR IKORNNES FRILUFTSBAD	7
4.4. INSTRUKS FOR BADEBETJENT	7
4.5. INSTRUKS FOR BADEVAKT	8
4.6. INSTRUKS FOR DRIFTSANSVARLEG VED IKORNNES FRILUFTSBAD	8
4.7. INSTRUKS FOR VAKTMEISTER VED IKORNNES FRILUFTSBAD	8
4.8. PRISAR VED IKORNNES FRILUFTSBAD	9
4.9. REGLAR FOR BESØKANDE VED IKORNNES FRILUFTSBAD	9
4.10. RUTINER FOR VEDLIKEHALD VED IKORNNES FRILUFTSBAD	9
4.11. UTSTYR PÅ IKORNNES FRILUFTSBAD	10
5. VEDLEGG	10
5.1. PRISLISTE/PLIKTER	11

1. IKORNNES BÅTFORENING

1.1. Organisasjonsplan

Styret 2019:

Bjørn Utgård	- formann
Bjørn Idar Lyngvær	- kasserer/styremedlem
Jostein Hatlemark	- styremedlem
Einar Sætre	- styremedlem
Andreas Goksøy	- styremedlem
Magnar Gjerde	- varamedlem
Jan Kåre Alvestad	- varamedlem

Valkomite:

Endre Erstad
Eivind Ove Sætre
+ 1 styremedlem

Revisor:

Roy Even Dyb

1.2. Lover for Ikornnes Båtforening

§ 1.

Laget sitt namn er IKORNNES BÅTFORENING.

Laget sitt formål er å skaffe småbåtar fast hamn på Sørestranda og å vere ein sosial maritim klubb.

§ 2.

Laget blir leia av eit styre som består av 5 personar. 1 formann, 1 varaformann og 3 styremedlemmer.

Varaformann, kasserar og sekretær skal veljast innan og av styret.

Under styret står valgte komitear.

§ 3.

Styret står for all forretningsverksemd, ivaretek laget sin økonomi, samankallar til årsmøte og medlemsmøte.

Styret handsamar alle saker som kjem frå laget sine medlemmer, og som det er ynskje om skal verte framlagt på medlemsmøte. Slike forslag må vere komne inn til styret seinast 14 dagar før medlemsmøte vert halde.

Styremøte vert halde så ofte formannen finn det naudsynt.

Til styremøte kan valde komiteer innkallast. Disse har då ikkje stemmerett.

Styret er vedtaksdyktig når minst 3 medlemmer er til stades.

I situasjonar der det er stemmelikskap er formannen si stemme avgjerande.

§ 4.

Det ordinære årsmøte skal holdast kvart år innan utgangen av februar, og samankallast av styre med 14 dagars varsel.

Det skal i innkallinga kunngjerast kva saker som skal handsamast.

For at årsmøte skal vere vedtaksdyktig, må der møte minst 1/5 av medlemmane.

Dersom ikkje tilstrekkeleg medlemmer møter, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte som då er vedtaksdyktige uavhengig av antal frammøtte.

Årsmøte skal handsame følgjande saker:

1. Årsmelding.
2. Revidert rekneskap
3. Forslag som er innlevert til styre.
4. Val på styremedlemmer. Disse vert valde for 2 år i gongen.
Alle styremedlemmer kan ta gjenval, men har rett til å nekte gjenval for like lang tid som ein har vore i styret.
2-3 medlemmar i styret står på val kvart år.
Val på 2 varamenn, som vert valde for 1 år i gongen, og valkomité på 3 medlemmar og 1 revisor. Desse kjem på val kvart år.
Etter at styret er valt, vel årsmøtet styreformann, eventuelt ved skriftleg røysting.
Formannen står på val kvart år.
5. Fastsetje kontingenten

Årsmøtet sitt vedtak vert fatta med simpelt fleirtal, i fall stemmelikskap er formannen si stemme avgjerande.

Vedtak om lovendring må avgjerast med 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

Tillitsverv kan ved val påleggjast alle medlemmar.

§ 5.

Kontingenten skal betalast med den til ei kvar tid fastsette årskontingent. Denne skal betalast innan 14 dager etter sendt krav.

Dersom eit medlem ikkje har betalt kontingent eller utført / betalt dugnad for dei 2 siste åra, kan styret etter å ha gjeve varsel, ekskludere vedkommande medlem.

§ 6.

Ved overtaking av båt plass blir vedkommande automatisk medlem i båtforeininga.

Leige av båt plass utover ein måned forpliktar medlemskap.

§ 7.

Styret kan om det er naudsynt, eller når det føreligg skriftleg ønskje med underskrift av minst 12 medlemmar, halde ekstraordinært årsmøte.

Dette må innkallast med 8 dagars varsel, samstundes som det vert kunngjort kva som skal handsamast.

§ 8.

Medlemmar er alle som har betalt innmeldingsavgift og årskontingent. Utmelding av laget må skje skriftleg til styret.

§ 9.

Medlemmar eller leigetakarar som vekkjer forarging og som kan vere til skade for laget, eller ikkje rettar seg etter laget sine lover, kan av styret bli suspendert og visast bort. I grove høve ekskluderast.

Slik avgjer kan av vedkommande ankast inn for første medlemsmøte som ved vanleg fleirtal tek den endelege avgjer. Eit medlem som vert ekskludert, mister samstundes retten til båt plass. Styret har då rett til å løyse inn båt plassen til kostpris.

§ 10.

Avgjersle om laget si oppløysing kan berre fattast med minst $\frac{3}{4}$ fleirtal på ordinært årsmøte, når minst 80 % av medlemmane er til stades.

Etter at avgjer om oppløysing er fatta, vert styret sitt forslag til nedlegging handsama og avgjort med vanleg fleirtal.

1.3. Reglar for hamna/båt plass

Ny båt plass skal tingast og betalast før medlemmen kjem på venteliste for båt plass. Dersom medlemmen kjem med båt før tildeling av fast båt plass, vil denne førebels bli tilvist ein ledige plass i hamna. Den som har disposisjonsrett på ledige plassar kan kome med grunngitte innvendingar for eige bruk. Hamnekomiteen plikter å melde slike forhold til eigar av båt plassen. Straum følgjer ikkje med når ein kjøper båt plass. Straum må tingast særskilt.

Tildeling av båt plass skjer i høve til tinga breidde og utriggarlengde. Det vil bli lagt vekt på båten sin storleik, vinterbruk og manøvreringsevne. Dette kan føre til at tidlegare tildelte båt plassar blir flytta.

Medlem i Ikornnes Båtforening skal gjere seg innforstått med at han/ho kun disponerer ein tilvist båt plass frå hamnekomiteen. Det skal vere ein sakleg grunn for flytting av båt plass.

Kablar for landstraum skal vere godkjent for utebruk, dobbeltisolert, skadefri og utan skøytear.

Bryggfenderar – det skal vere 3 fenderar på kvar side som følgjer med båt plassen. Tilleggsfenderar kan kjøpast frå foreninga sitt lager.

Fortøyning – båten skal fortøyast med 2 fortøyningar framme og bak. Disse skal ha påmontert strekkavlastar og dimensjonert etter båten si vekt og volum. Større båtar skal i tillegg ha minst 2 spring. Fortøyningstaua skal knytast til bryggene utan bruk av sjaklar eller andre metallordningar.

Utstyr som blir montert på bryggene skal godkjennast av hamnekomiteen.

Lagring av utstyr på bryggene skal ikkje skje. Hamnekomiteen kan gi dispensasjon frå dette.

Sløyning av fisk i hamneområde skal berre skje på utplasserte sløyebord. Fiskeavfall skal kastast i røret til sløyebordet eller takast med heim.

Båtforeninga sitt ansvar er avgrensa til foreininga si forsikring. Skader som blir påført båten er båteigar sitt eige ansvar. Vi ber medlemmane gjere seg kjent med sjølova sine reglar for skadeansvar. Dersom ein båt påfører ein annan skade ved uhell eller liknande, er skadevaldar ikkje ansvarleg. Derfor bør alle ha kaskoforsikring.

Ved uver skal båteigar sjå til at ekstra fortøyning blir utlagt, dersom dette er naudsynt. Skader som båten/båteigar påfører hamneanlegget må eigaren reparere eller koste etter hamnekomiteen sitt pålegg.

Skader som blir påført båt i hamna eller av bryggesystemet går på båten sin kasko eller eigen risiko. Skader på hamna eller brot på reglane, plikter båteigaren å melde til hamnekomiteen.

Når eit medlem har kjøpt ein båtplass, pliktar han/ho å rette seg etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for hamna. Medlemskapen sine rettar og plikter er personleg og kan ikkje overdragast til andre.

Tilvising av hamne- og opplagsplass skjer berre til medlemmar. Medleimen kan framleige tilvist båtplass. Framleige skal godkjennast av styret, jfr. lover for Ikornnes Båtforening § 6.

Avgifter og kontingenter blir fastsett på årsmøte. Medlemskapen trer i kraft når desse er betalt.

Medlemmen forpliktar seg til å utvise aktsomhet og ikkje la sin båt forfalle, søkke, bli liggjande igjen på opplagsplass eller på anna måte påføre foreininga ulemper.

1.4. Reglar for hamneområdet

Lagring – all form for lagring på foreininga sitt område skal ikkje skje utan godkjenning frå hamnekomiteen.

2. Ikornnes Gjestehamn

2.1. Båtplass og utleige

Det vil bli sett opp informasjonsskilt om betaling. Båtturistar skal betale ved ankomst. For året 2018 har vi gått over til GO- marina som er ett appstyrt betalingsssystem.

3. Ikornnes Båthus (møterom i båthallen)

3.1 Instruks

Instruks for tilsynsansvarleg for båthuset

1. Sjå til at ting er i orden og sørgje for at manglar blir retta opp
2. Sjå til at det blir vaska etter avtale
3. Utgifter utanom lyspære, såpe og vaskeutstyr skal godkjennast av styre (formann)

4. Tilsynsansvarleg rapporterer til formannen

3.2 Reglar for bruk av huset

1. Huset skal forlatast som avtalt med omsyn til lys, varme og vask
2. Lokala skal vere ryddige, tomgods skal plasserast der det høyrer heime
3. Gardiner skal vere i orden
4. Ventilasjon skal vere avslått
5. Dersom brukar/leigetakar har avtale om vask, skal det likevel støvsugast/kostast etter bruk

Brot på desse reglane kan for vedkomande føre til utestenging.

4. ***Ikornnes Friluftsbad***

4.1 ALARMPLAN

GJE RETT MELDING!

KVA har skjedd?

KVAR har det skjedd?

STADFEST meldinga

Lege.....	70253400
Sjukebil/ambulanse.....	113
Politi/lensmann.....	112
Brann.....	110

4.2. Redningsarbeidet

- Redningsarbeidet skal leiast av den tilsette som er vitne til ulukka.
- Den som er vitne til ulukka slår ALARM (fleire korte støt med fløyta) og hoppar ut i vatnet. Den skada må takast hand om straks. Dersom den skada ikkje pustar, skal munn til munn metoden setjast i gang straks. Kontroller puls. Ved manglande puls, start full HLR. Er det mistanke om nakke/ryggskade, skal ein ta sjukebåra ut i vatnet og leggje den skada oppå for å sikre den skada før han/ho vert ført i land. Ein annan person må straks ringje lege. Meld samstundes frå til lensmannen.
- Dei andre i bassenget får melding om å avslutte badinga, og å ta på seg kledda.
- Dei tilsette må syte for at andre personar enn dei som hjelper til, held seg vekke frå den skada.
- Personar som har vore eller er utan medvit, men som pustar, skal leggjast i stabilt sideleie.
- Få nokon til å ta imot personalet i sjukebilen ved næraste inngang.
- Når personalet i sjukebilen kjem, må ein hjelpe til med handsaming av den skada, dersom dette er ønskjeleg.
- Når den skada er utan medvit skal den som har leia redningsarbeidet følgje med i ambulansen.
- Den som har leia redningsarbeidet skriv rapport og varslar næraste overordna. Kopi av rapporten skal sendast til sjukehuset, lensmannen og Norges Livredningsselskap.

- Dei tilsette har teieplikt, og skal ikkje svare på spørsmål frå pressa eller gje opplysningar til tredjeperson.

4.3. Føresegner for Ikornnes friluftsbad

Ikornnes båtforening er eigar og ansvarleg for drift av bassenget.

Økonomisk bør drifta gje eit overskot som dannar kapital for vedlikehald og fornying.

Innanfor annonserte opningstider er bassenget tilgjengeleg for alle med gyldig billett/adgangskort.

Grupper som ønskjer å få til eigne ordningar, avtalar dette med driftsleiar.

Ved bruk utanfor ordinær opningstid må ein stille med eigen godkjend badevakt. Ved behov kan badevakt leigast frå Ikornnes Båtforening.

Ikornnes friluftsbad skal vere eit godt, trygt og familievennleg fritidstilbod som skal vere med på å auke trivselen i nærmiljøet.

Drifta av friluftsbadet skal vere i samsvar med Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v.

Ikornnes friluftsbad skal til ei kvar tid drivast etter gjeldande regelverk og eigne rutiner og prosedyrar.

4.4. Instruks for badebetjent

- Badebetjenta skal møte opp seinast 15 minutt før opning og kontrollere at kiosk, dusjar, garderober og toalett er klare til bruk.
- Badebetjenta skal ta seg av bileteringa. Dette inneber sal av billetter, føring av billett- og besøksbok.
- Badebetjent skal også ta seg av kiosksal.
- Badebetjenta skal halde tilsyn med dei badande, og straks gje assistanse dersom nokon i bassenget får vanskar.
- Badebetjenta skal passe på at det ikkje er for mange personar i bassenga.
- Badebetjenta skal passe på at aldersgrensa for barn utan følge blir haldne. Jfr. punkt 3 i "Reglar for besøkande ved Ikornnes Friluftsbad"
- Badebetjenta skal halde orden og utføre forefallande reingjeringsarbeid.
- Badebetjenta skal ta vare på personlege effektar, klede og anna som dei besøkande legg att. Desse skal lagrast ei tid slik eigaren kan få dei i retur.
- Ved behov hjelper badebetjenta til med å utføre badevakta sine oppgåver.
- Badebetjenta kan bli pålagt innkrevjing av hamneavgift.
- Etter avslutta bading, skal betjenta hjelpe badevakta med reingjering og klargjering til neste dag.

4.5 Instruks for badevakt

- Badevakta sin næraste overordna er friluftbadet sin leiar.
- Badevakta skal møte på anlegget seinast 15 minutt før opning for å kontrollere alt utstyr og sjå til at det fungerer.
Feil/manglar skal straks utbetrast. Dersom feil/manglar ikkje kan utbetrast på staden, skal dette straks rapporterast. Vesentlege feil medfører stenging.
- Badevakta skal vere ved bassengkanten så lenge det er aktivitet i bassenget. Badevakta har ansvaret for at bassenget er låst når det ikkje er i bruk.
- Badevakta skal ha tilsyn med aktiviteten over og under vatn, og skal straks gripe inn ved brot på reglane.
- Badevakta skal organisere og leie redning ved ulukker til betre kvalifisert personell kjem til.
- Badevakta kan vise vekk personar som bryt gjeldande reglar.
- Badevakta har ansvar for reingjering av anlegget etter avslutta bading.
- Badevakta skal vere den siste som forlet badeanlegget.

4.6. Instruks for driftsansvarleg ved Ikornnes friluftsbad

Driftsansvarleg skal

- Oppnemnst av og rapportere til styret i Ikornnes Båtforening.
- Vere ansvarleg i lag med kasserar, for den daglege økonomiske styring og rutiner av anlegget.
- Ansvar for at det tekniske anlegget fungerer, og sjå til at gjeldande regelverk, forskrifter, instruksar og prosedyrar blir etterlevd.
- I samarbeid med ein representant frå styret bestemme opningstider og annonsere desse.
- Saman med styret skaffe badevakter og sørge for kursing etter gjeldande regelverk.
- Saman med styret setje opp vaktlistar for badevakter og betjentar.
- I samarbeid med styret oppdatere gjeldande rutiner og prosedyrar.
- Vere overordna for vaktmeister, badevakter og badebetjentar.
- Vere ansvarleg for utleige av bassenget til skular, grupper o.l.

4.7. Instruks for vaktmeister ved Ikornnes friluftsbad

- Halde tilsyn med bygningar, inventar og tilhøyrande uteareal og sjå til at desse er i god stand. Behov for større reparasjonar og vedlikehald skal rapporterast til næraste overordna.
- Utføre rutinemessige prosedyrar og rutiner i samsvar med drifts- og vedlikehaldsplanar.
- Utføre reinsing av basseng i samsvar med drifts- og vedlikehaldsplanar.
- Sjø til at nødvendig utstyr for den daglege drifta er på plass.

4.8. *Prisar ved Ikornnes friluftsbad*

Jfr. vedlagt prisliste i punkt 5.

For grupper og skuleklasser er det mogleg å leige friluftsbadet utanom ordinær opningstid. Gruppa/klassa må sjølv stille med godkjend badevakt.

4.9. *Reglar for besøkande ved Ikornnes friluftsbad*

- Alle skal dusje med varmt vatn og såpe før ein går ut i bassenget.
- Alle badande skal ha på seg badeklede. Dette gjeld og babyar.
- Ingen får gå ut i bassenget utan at badevakta er til stades. Barn under 10 år skal vere i følgje med vaksne (16 år).
- Det er ikkje tillatt med alkohol eller andre rusmiddel ved friluftsbadet. Rusa personar vil bli vist vekk av badevakta.
- Stuping er ikkje tillatt.
- Det er ikkje tillatt å springe ved bassenget.
- Det er ikkje tillatt å skubbe andre ut i bassenget.
- Det er ikkje tillatt å dukke andre under vatnet.
- Dei besøkande skal så langt som råd er lage minst mogleg rot og uorden på og ved badeanlegget.
- Bruk av snorkel, dykkarmaske, symjeføter og liknande er lovleg berre når badevakta tillet dette.
- Alle besøkande pliktar å rette seg etter badevakta/badebetjenten sine pålegg.
- Ved ulukker, skal alle avslutte badinga og forlate bassenget slik at badevakta får ro og plass til redningsarbeidet.

4.10. *Rutiner for vedlikehald ved Ikornnes friluftsbad*

Dagleg ettersyn

- Sjå til at bygningane, bassenga og alle uteareal er i orden. Reingjer/spyle om dette er naudsynt.
Kontroller pumper og varmevekslar.
Fyll etter såpe og papir på toalett og omkleddingsrom. Kontroller luftflasker og sjå etter eventuell beskjed frå badevakt.
- Føreta måling av/ les:
Fritt klor
Bunden klor
Total klor
Redox verdi
Ph-verdi på doseringssystemet
Temperatur i vatnet
Alle desse målingane skal førast i loggen og kvitterast for, med dato, klokkeslett og namn. Ved eventuelle avvik frå godkjende verdiar må dei justerast ved hjelp av kjemikalier.
- Ved behov skal det fyllast etter med vatn i bassenga og kjemikalier.

Vekentleg ettersyn

- Vaske bassengkantar.
- Spyle sandfilter.
- Botnsuge bassenget.
- Måle klor/kontrollere kolfilter
- Ha ut søppel.
- Reinske silar i skimmer og føre pumper.

Periodiske oppgåver

- Måle alkalitet og hardleik.
- Reingjere slukar.
- Kjøpe inn kioskvarer, reinhaldsutstyr, såpe/toalettpapir, billetter, rapportskjema, klede til sesongen o.l.
- Leige ut anlegget til andre brukarar.
- Lese av straummålar ein gong i kvartalet samt ved oppstart om våren og stenging for vinteren.
- Starte anlegget om våren og stenge det hausten. (sjå eiga prosedyre frå leverandør)

4.11. Utstyr på Ikornnes friluftsbad

Ved Ikornnes friluftsbad skal følgjande utstyr til ei kvar tid vere til stades:

Medisinsk utstyr

- Nakkestøtter
- Sjukebåre
- Komplet medisinskapp

Naudutstyr

- Telefon
- Livbøye
- Symjestang
- Redningstau med løkke i enden

Merking

- Oppslagstavle
- Instruks/regelperm, tryggleiks- og ordensplanar
- Alarmplan ved basseng, i vaktrom og garderobe
- Naudlys

5.1 Prislister/plikter

Båtplass/tilleggsutstyr:

TEKST	Merknad	BELØP
Båtplass standard	Lengde 8 m og bredde 3,5 m	58.000,00
	2 stk. gangbare utriggere på hver side netto plass 3,0 m	
Tillegg til båtplass	Pr 10 cm ekstra bredde	550,00
Tillegg til båtplass	Gangbar uttrigger - lengde 10 m pr. side	5.000,00
Tillegg til båtplass	Ekstra fender/ baugfender pr. stk	660,00
Tillegg til båtplass	Ekstra fortøyingsauge	260,00
Kontigent	Medlems kontingent pr år	3000,00

Bryggestraum:

TEKST	Merknad	BELØP
Straumkontakt	Oppstarts kostnad	2.750,00
Straumkontakt	Hengelås-Syrefast (Leveres av IKB)	275,00
Straum	Pr. kwh	1,25
Linjeleige/fast beløp	Grunnbeløp pr. år	300,00

Dugnad:

TEKST	Merknad	BELØP
Medlem med båtplass	10 timar pr. år	
Dugnad	Pris pr. time for ikkje utført arbeid	200,00

Gjestehamn/hamn:

TEKST	Merknad	BELØP
Gjesteplass	Inntil 35 fot Pr. døgn, inkl. strøm, sanitæranlegg, wifi	175,00
	Fra 35 fot pr. døgn inkl. strøm, sanitæranlegg, wifi	200,00
	Korttidsleie dagtid (over 2 timer)	50,00
	Bobil Pr. døgn, inkl. strøm, sanitæranlegg, wifi	200,00
Leige av plass (8m uttrigger)	Pr. år inkl. medlemskap	10.000,00
Leige av plass (10m uttrigger)	Pr. år inkl. medlemskap	13.000,00

Vinteropplag/opplag for vedlikehald

TEKST	Merknad	BELØP
Vinteropplag i båthall (15.10. til 01.04.)	Inntil 15 fot (mål inkl. båtvogn)	100,00 pr. fot
	15 til 20 fot (mål inkl. båtvogn)	120,00 pr. fot
	20 til 25 fot (mål inkl. båtvogn)	140,00 pr. fot
	Over 25 fot (mål inkl. båtvogn)	180,00 pr. fot
Opplag for vedlikehald pr. dag sommar		10,00 pr. fot
Bruk av slipp	Gratis for medlemmer. Ikkje medlemmer kr 100,- ut/inn	

Bading/ klubbrom

TEKST	Merknad	BELØP
Årskort	Nr.1 og 2 pr.stk	800,00
Årskort	Nr. 3 og videre for familie	400,00
NB! Medlemmer IKB	Får 50% rabatt på årskort i friluftsbadet.	
Klubbrom i båthallen	Gratis for medlemmer	